



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Kirkerådet
Pb 799, Sentrum
0106 OSLO

Deres ref.:	Vår ref.:	Vår saksbeh.:	Arkivkode:	Dato:
	17/00031-011	Trond Haugen	000	15.12.2018

HØYRING - UTKAST TIL KYRKJEORNING

Innleiingsvis vil vi uttrykke oro for at lokalkyrkja, dvs soknet, bli svekka. Det er det grunnleggande eininga i kyrkja, og d aer det viktig at den blir styrt nedanfrå, og ikkje omvendt.

Til dei ulike paragrafene:

§§ 5 og 6. Vi er samde med KA i at § 5 kan sfjernast, fordi ei slik opplisting kan gi rom for tolkingar og utelating av grupper og organ, som kanskje burde vore nemnt.

Elles støtter vi KA sitt forslag til ny tekst i §6. I tillegg kan ein Kanskje seie at kyrkja er landsdekkande og delt inn i sokn og bispedøme.

Vi er kritiske til å ha med «lovleg opphald i riket» som ein føresetnad for medlemskap i kyrkja. Det bidreg til å blande det offentlege sitt behov for reguleringar med kyrkja sine krav til medlemskap i vårt trussamfunn.

Vi støttar forslaget i § 13 om å gjere det enklare å søkje om medlemskap i ein annan kyrkjelyd/sokn enn der ein er busett.

Til § 17 så blir vi litt usikre når det nemnast så mange ulike lovparagrafar. Er det naudsynt med alle dei, eller er burde det vore fleir? Her også støttar vi oss til KA, som vi reknar med har gått tyngre inn i jusen.

til § 39: Forslag til ny tekst i første setning: «*Bispemøtet sees som bærer av tilsynsambetet mot den enkelte biskop.*» Den enkeltes biskops ansvar bør ikke svekkes på denne måten.

Vennlig hilsen

Trond Haugen
kyrkjeverje

Adresse:	Tlf/faks	E-post/Internett:	Bankkonto / Org.nr.:
Pb 4 3834 GVARV	Tlf: 35 10 11 20	post@sauherad.kyrkja.no www.helsing.no	2675.07.07202 976 991 575